# Bokn Bygdablad

Nr. 5 Juni/juli 2013 – Årg. 28





Gåvedryss – s. 3



Etablert – s. 4



Markerte seg – s. 12

www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ BOKN



# ORDFØRAREN HAR ORDET

*Kjære sambygding*

**Slakare Rogfast-tunnel**
Statens vegvesen bestemte i veke 24 at Rogfast skal byggast med maks fem prosent stigning opp til Arsvågen i staden for sju prosent som tidlegare planlagt. Dette betyr at planane for Rogfast må omarbeidast i Bokn kommune. I samarbeid med Bokn kommune kjem Statens vegvesen difor til å starte ein ny reguleringsprosess for E39 i Bokn. Maks fem prosent stigning betyr at tunnelen blir vel ein kilometer lenger. Prisen blir om lag 400 millionar kroner høgare med denne løysinga. Tunnelarmen til Kvitsøy blir uendra med sju prosent stigning.

Noko av grunngjevinga for denne avgjerda, knyt seg til tunnelsikring. I fylgje Statens vegvesen vil ei redusert stigning føre til 20 prosent færre brannar eller tilløp til brannar i tunge køyretøy i tunnelen. Den samla ulykkes- og dødsrisikoen er berekna å bli redusert med rundt fem prosent.

Sjølv om avgjerda om stigningsgrad blei tatt seint i prosessen, vil det bli openberre fordelar for boknasamfunnet med ein slakare tunnel opp til Bokn. Ein kortare del av vegtrasèen vil gå i dagsonen, det vil bli henta ut meir tunnelmasse som kan brukast til samfunnsnyttige formål i Bokn og andre stader og det er eit førebyggande tiltak i forhold til brann- og redning. I tillegg vil områda ved Are/Arsvågen få ein større planmessig verdi når trafikken går utanom desse områda. Statens vegvesen kjem til å jobbe for å nå målet om opning av Rogfast i 2023.

**Kommunestruktur**
Eg tok i veke 26 initiativ til eit opprop der 107 ordførarar åtvara styret i KS mot å gå inn for tvangssamanslåing av kommunar. Bakgrunnen for dette var eit utspel i media der KS-styreleiar



**I området ved Høghaug kan det bli nytt tunnelinnslaget for Rogfast.**

Gunn Marit Helgesen gir uttrykk for at dagens kommunestruktur ikkje er hensiktsmessig og kor hovudstyret i KS ville behandla eit forslag til vedtak der organisasjonen ber Stortinget treffa ei rask prinsippavgjerd om omfattande tvangssamanslåing av kommunar.

Dette er uakseptabelt for ein medlemsorganisasjon i ei sak som ikkje har vore til behandling i medlemskommuneane. Det einaste fylkeslaget som har hatt denne saka ute til behandling i kommunane, er Nord-Trøndelag. Dette fylkeslaget gjekk klart mot ein prosess med omfattande tvangssamanslåingar. Bruk av tvang er den mest skadelege måten å endra kommunekartet på.

I dag er det 428 kommunar i Noreg. Debatten om kommunekartet, har gått i årevis. Også i denne saka handlar det om å skaffa seg definisjonsmakta, kampen om sanninga. Ein høyrer ofte at «større kommunar vil tvinge seg fram». Kommunaldepartementet seier at dagens kommunestruktur ikkje er eit problem og heller ikkje står i vegen for dei utfordringane ein har i kommunesektoren. Med tettare interkommunalt samarbeid vil ein løysa dei viktigaste utfordringane i sektoren.

Viss Stortinget ein dag skulle gjere vedtak om å endre kommunekartet, ventar eg at storsamfunnet og dei styrande prosessane går fram med varsemd og gjennomførar grundige og demokratiske prosesser i forkant. Det er uansvarleg å starta med ein prinsipiell tilslutning til ei reform utan konkret innhald. Uansett skal den regjeringa som går laus på arbeidet ha stor kraft i seg og politisk vilje for å gjennomføra ein slik gigantreform. Spørsmålet blir om ei slik regjering blir sitjande lenge nok til å kunne gjennomføre jobben?

*Ordføraren*

# Fiberutbygging i Bokn kommune

Jardar Havikbotn

**Pr. 21. juni hadde det totalt kome inn 45 bestillingar, tre av dei frå bedrifter. Divisjonssjef i Haugaland Kraft, Jan Håland, vurderer dette som veldig bra før ein har starta opp arbeidet eller lagt inn breidsida i forhold til kampanjer/annonsering.**

Håland fortel at det er med stor glede og entusiasme dei i Haugaland Kraft nå er i gong med planlegginga av utbygging av fiber til Bokn kommune.

- Me takkar Bokn kommune for tilliten og gler oss til å tilby alle bebuarane på Bokn eit framtidsretta og moderne breibandsnett, som vil gi alle høghastighets breiband, Digitale TV signal og fasttelefoni av ypperste kvalitet, seier han, og legg til at dei også tilbyr ei rekke spennande tilleggsprodukt i «Altibox-familien».

Dette kan ein lesa meir om på **www.haugnett.no**

**Slutten av august**
Haugaland Kraft har signert avtale med Apply AS, som skal bygga ut fiberen i kommunen. Dei planlegg oppstart på bygging av hovudfibernettet i slutten av august. Då vil det foregå ein del arbeid langs vegar i bygda, og Håland ber bilistar om å visa omsyn.

Haugaland Kraft måtte søka på ny til Kystverket i forhold til trasè i sjø pga.

# St.Hans-feiring med gåvedryss

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Kyrre Lindanger

**Det tradisjonsrike arrangementet til speidarane gjekk føre seg på Alvestad nærmiljøanlegg sundag 23. juni. I år blei jonsokfeiringa ekstra kjekk for mange, ikkje minst for arrangøren.**

Omlag 100 stk. var samla i mildt og vindstille vér, og som i fjor ville også regnet ta del i feiringa. Det var tradisjonelle leikar for barn; taubane, stokkespel, bading, fotball m.m. Folk grilla og speidarane selde kaffi og anna. Gratis popcorn var det også.
Regnet var ikkje til hinder for å få fyr på bålet, og bålet blei også spesielt flott i år.


Koseleg ved grillen.


Flott bål!

**Gåver og smil**
Det kom nok som ei positiv overraskking på dei fleste då SpareBank 1 SR-Bank avd. Bokn hadde valt å dela ut bankrådsmidlar på denne midtsommarnattskvelden. I samband med ny struktur av gåvefond i banken, hadde tidligere bankråd i Bokn vedteke at alle midlane som stod på bok skulle delast ut på ein gong, heile kr. 273.000,-

Lag og organisasjoner i Bokn var inviterte til å søka til gode formål, og det skulle leggast hovudvekt på arbeid for barn og unge. 12 søknader kom inn. Enkeltpersonar og driftssøknader blei forkasta.

**Og for ein fest det blei for dei sju laga som fekk støtte!**
**Summane fordelte seg slik:**

| | | |
|---|---|---|
| KFUK KFUM Speidarane | kr. | 120.000 |
| Bokn Idrettslag | kr. | 50.000 |
| Bokn Røde Kors | kr. | 30.000 |
| Bokn Båtforening | kr. | 30.000 |
| Bokn Gatebilklubb | kr. | 15.000 |
| Bokn Gathering Computer | kr. | 15.000 |
| Føresvik Velforening | kr | 13.000 |


**GÅVER OG SMIL: Fv. Svein Dalva, Eirik Nedrebø (Bokn Gatebilklubb), Vegar Våge (Bokn Gathering Computer), Hanne Marte Vatnaland (Føresvik Velforening), Svein Ove Alvestad (KFUK KFUM Speidarane), Trond Vatnaland (Bokn Idrettslag), Petra Ognøy (Bokn Røde Kors), Olav Johannessen og Arild Ognøy (Bokn Båtforening).**

Det var banksjef for Tysvær/Bokn, Svein Dalva, som delte ut midlane.

SpareBank 1 SR-Bank avd. Bokn opplyser til Bokn Bygdablad at dei håpar og trur midlane kjem vél med og vil bli brukte til nytte for dei fleste innbyggarane i kommunen.

**Kjelder: Kyrre Lindanger & May J. Vatnaland**

## Bankrådsmidlar

Ein kan framleis søka om bankrådsmidlar, i søkeportalen

http://srstiftelsen.no/

Søknadskjema blir lagt ut 19. august med frist 19. september.

Det vil i den omgang bli prioritert friluftsliv, samfunnstryggleik og oppvekstmiljø.

klager. I slutten av juni venta Kystverket framleis på godkjenning frå Kystverket på trasé for sjøkabel fra Tysvær til Vestre Bokn.
Søknaden deira om oppføring av node-hytte i Føresvik er godkjent.
- Målet vårt er å levera første kunde før jul i år, seier Håland, som etter ferien i august/september vil invitera til informasjonsmøte på Bokn.
- Der vil me informera nærmere om planar og tilbod, og har du ennå ikkje bestilt fiber og Altibox-tenester til bustaden eller hytta, kan du gå inn på www.haugnett.no/utbygd og legga inn bestillinga di, avsluttar divisjonssjef i Haugaland Kraft, Jan Håland.

**Det var 19. mars i år at avtale om utbygging av fiberbasert breiband blei inngått mellom Bokn kommune og Haugaland Kraft.**

**Foto: Solrunn Alvestad.**


**Fv. Kyrre Lindanger og Jan Håland.**

# Jubileumsmarkering

Jardar Havikbotn



Ny tomannsbustad i Føresvik frå Nibe AS, innflyttingsklar 1. Oktober.



"NEVER CHANGE A WINNING TEAM": Nibe AS hadde dei same folka i kranselaget 31. mai som i den første tomannsbustaden 18.11.10.

**Boknafirmaet Nibe AS har bygd 10 leilegheiter på to år. Det er rundt 75% av bustadbygginga i Bokn i denne perioden.**

Ambisjonen då dei begynte var å bygga eit hus i året. Nå har dei bygd fem tomannsbustader på to år, og markerer 10 leileghets-jubileum. Dette er sjølvsagt Tormod Våga, Helge Solberg og Bernhard Våge i *Nibe* svært nøgde med. Husa blir som regel selde etter det første spadestikket.
- Me får aldri annonsert dei, me kjem aldri så langt, seier Tormod til Bokn Bygdablad.

31. mai var det kranselag i ein tomannsbustad i Føresvik, som skal vera nøkkelklar 1. oktober. I Vågavegen på Austre Bokn blei ein tomannsbustad innflyttingsklar 1. juli. I alle leilegheitene er det unge boknarar som skal flytta inn. *Nibe* set pris på at boknaungdom kjøper seg inn på bustadmarkedet i heimkommunen. At nøkkelklare leilegheiter er så populære understreker eit behov for slike hus i kommunen. Karane i *Nibe* trur dette behovet berre vil bli sterkare og sterkare.

**Same gjengen**

Prosjekta til *Nibe* kan med rette kallast ein suksess. Det har *Berge Sag*, dyktige entreprenørar og snikkarar sørga for, og ikkje minst god planlegging og tilrettelegging av det lokale firmaet. *Nibe* har fornøgde kundar og ingen problem med husa.
- Det er derfor me er same gjengen på kranselag kvar gong også, smiler Tormod.

Per Berge i *Berge Sag* roste Nibe for entusiasme og engasjement for Bokn - at det ikkje alltid handla om å tena pengar, men at det låg ein større tanke bak.

- Det treng slike bygder som Bokn, sa Berge før han takka for oppdraget og håpa på fleire.

Neste byggeprosjekt er i Havnavegen, og desse bustadene skal stå ferdige til neste år. Som vanleg oppfordrar *Nibe* folk på jakt etter bustad om å ta kontakt. Dei håpar det kjem fleire tomter i kommunen, og nemner spesielt Fyrenfeltet.

- Viss det er tomter og me får lov å bygga, så bygger me, avsluttar Tormod Våga.

# Etablert i Knarholmen

Jardar Havikbotn

**Det går godt for Rogaland Marine, som starta opp i Bokn 1. februar i fjor.**

Mekanikar og eigar, Rune Stangeland, som tidlegare dreiv WF-motor sin verkstad i Haugesund, kjem frå Stavanger, men bur i Kopervik. Rogaland Marine (RM) låg tidlegare i Smedasundet i Haugesund, var også eitt år i Stavanger før Stangeland kjøpte gamle Bokn fiskemottak sine lokale. Der har han bygd opp ein stor båtbutikk og serviceverkstad, og inviterer boknarar og andre innom for ein båtprat.

**Kontrakt med Avinor**

RM er einaste importør i landet av amfibiebåten Sealegs, som fungerer like godt på land som på vatn. I sommar har Stangeland skrive kontrakt med Avinor, og ein båt er nå stasjonert på Røst flyplass, som beredskapsbåt.
- Det var verdas første Sealegs som blei levert med ein Honda påhengsmotor, fortel han, og håpar at alle Avinor sine flyplassar som ligg til sjø vil skaffa seg desse båtane.
Totalt har RM selt fem Sealegs til nå.

Men det er ikkje berre Sealegs-båtar hos dei. Andre båtmerker er Silver, AMT, SeaStar, Honwave, Inter, River

og Terhi. Sistnemnde merke har dei også sommarkampanje på, modell 6020 m/25 hestar el-start, til kr. 69.990.
RM sel også Deutz og Vetus innanbordsmotorar og dei kjende påhengsmerkene Honda og Tohatsu.

**Alle tenester innan båt**
- Du skal ikkje trenga å gå andre plasser når du kjøper båt hos oss, seier ein offensiv Rune Stangeland. RM utfører reparasjonar, servicar, og har alt av båtutstyr til alle typar båtar. Han kallar det "Den komplette pakken". I utgangspunktet satsar dei på litt mindre lystbåtar, frå 40 fot og nedover, men understreker at dei også tar imot større båtar for service og reparasjonar.

Rune Stangeland er glad han har med seg lokale Olav Johannessen på laget. Olav er utdanna platearbeidar, men fungerer som altmuligmann for RM, der han m.a. hentar, klargjer og leverer, driv båtservice og sal.
- Slike folk er gode å ha, kjem det frå sjefen.
1. juli blei også Tommy Kummermo tilsett. Han skal driva med sal og nettsidene deira. Båtbutikken er open måndag–fredag kl. 08.00-16.00.

**Bernhard's bil & båtlyd**
I løpet av året kjem også "Bernhard's Billyd og Satellitt TV AS" til lokala i Knarholmen. Då blir namnet skifta til "Bernhard's bil & båtlyd". Butikken i Haugesund sentrum, som har drive med billyd i nærmare 20 år, blir lagt ned i Haugesund sentrum, til fordel for RM, Knarholmen og Bokn. I tillegg til satsing på båtlyd skulle ekspertise i billyd vera midt i blinken for m.a. Bokn Gatebilklubb!
"Bernhard's bil & båtlyd" er allerede med i annonseringa til RM.




**Rune Stangeland (tv.) og Olav Johannessen ynskjer velkommen til Rogaland Marine.**



**Båtar for sal på rekke og rad.**

- Det er i Knarholmen det skjer, avsluttar Rune Stangeland med eit smil.

## Bokn Sanitetsforening's basar 5. juni

Reidun Grønnestad

Bokn Sanitetsforening vil takke alle som gav sitt bidrag til den årlige basaren. Først og fremst til Boknakoret v/ Anne Tove - det blei skikkelig trøkk med noen menn, Bokn Seniordans v/ Anne Lise, og publikum med alle ungene - og ikke minst Merete.

Vi fikk inn kr. 51.315,-

Så vil jeg takke alle damene som har drevet med Bokn Barnekor, for alle de årene de har stått på. Det blir nå litt trist uten barnekor, men kanskje noen andre kan prøve seg.

Pengene fra basaren skal gå direkte til Revmatismesjukehuset i Haugesund, til utstyr. Vi har aldri vært tilhengere av Folkets gave sin innsamlingsaksjon.



**Sanitetsdamer**



**Bokn Seniordans**

# Elevar på tur

Kyrre Lindanger

**Høg aktivitet prega den kommunale drifta i veka før St. Hans - også ved Bokn skule.**

Dagane før skulen går i sommardvale, er fylte med alle slag aktivitetar og arrangement. I mange år har det vore tradisjon at fleire klassar har reist ut av klasserommet til ulike reisemål i distriktet. Også for elevane kan det vera godt å «skifta stove» av og til. Mellom anna farta 9. og 10. klasse til Storavassbu i fjella mellom Etne og Sauda i veke 25, mens 5. klasse fekk ein dag i Kongeparken onsdag 19. juni.

**Utforska fortida**

Tysdag 18. juni drog 14 fyrsteklassingar til Arkeologisk museum i Stavanger. Med skiver i matboksen og miniatyrsekkar på ryggen, var det ein forventningsfull forsamling som kom ut av den kommunale minibussen utføre Peder Klows-gate i Stavanger. Sjuåringane blei tekne godt i mot av ein pedagogisk guide på museet og førd med på ein halvannan times reise tilbake til vikingtida og utstillinga «Utferd». Det blei opphald i langhuset der det blei snakka om vikingar og norrøne gudar, prøving av vikingklede og nærstudie av våpen og ringbrynje.

I utstillinga rettar Arkeologisk museum merksemda mot menneska i Rogaland si kontakt med - og reiser til Dei britiske øyer, særleg Irland. Dei fyrste åtaka på Irland kom truleg frå Sørvest-Noreg. Historia og gjenstandane vekte interesse hjå dei unge boknarane. Mest stas var det med den utstilte «boknaspenna» som står sentralt utstilt i musèet. Utstillinga var ei opple-



**1. klasse fekk høyra om vikingar og norrøne gudar i langhuset på Arkeologisk museum.**

ving for både auge, øyrer og sinn. Synet av dønningar og gråblått hav danna ei levande ramme og opplevinga blei forsterka av lyden av sjø, vind og knakande skip.

Museumsbesøket blei runda av med is servert av avdelingsleiar Ole Madsen i museumshagen, der det også blei høve til å prøve seg på sverdkamp og tautrekking. Før returen til Bokn, blei det attåt tid til å besøke Stavanger museum og Norsk Barnemuseum. Museumsbesøket blei ei god avrunding på eit langt skuleår, og kanskje ein kjelde til inspirasjon når 7-åringane tar til med 2. klasse 14. Aug.

**Eit av dei flottaste arkeologiske funna som er gjort i Rogaland, «Boknaspenna», er utstilt på Arkeologisk museum i Stvg.**



# Stort familiebesøk frå USA

Reidar Alvestad

**Søndag den 21. juli var det i alt 16 etterkomarar etter Erik og Dina Loden frå Loten som kom til Bokn for å treffa slektningar, og sjå og oppleva korleis det såg ut der besteforeldra deira kom frå.**

Erik Loden var gift med Dina som kom frå Gismarvik. Han var nest eldst av dei 7 borna til Ellen Maria og Østen Loden. Ellen Maria kom frå Våga, og Østen kom frå Hetland i Tysvær. Garden dei dreiv og budde på var nabogarden til Erik og Anette Våga.

**Besøk i Bokn og Tysvær**

Willy Strømø og hans søsken frå Tysvær som er i familie med Dina Loden, var saman med underteikna og andre slektningar av Erik Loden, søndag den 21. juli på rundtur på Bokn. Mandag den 22. juli hadde dei omvising og program i Tysvær. Amerikanarane budde på hotell i Stavanger, og var i Bokn og Tysvær på dagsbesøk i to dagar.

**Kommunebussen**

Me var heldige og fekk leiga den kommunale utleigebussen til å bruka under besøket. Dette gjorde at det var lettare å avvikla med så mange gjester.

På Bokn var det først besøk i Loten på garden som besteforeldra og oldeforeldra budde på. Her hadde Sigbjørn og Margaret Ellingsen saman med sonen Bjørn Michael førebudd seg godt, og hadde ei interessant omvising på garden som ein gong høyrte til Erik og Dina Loden. I dag har Bjørn Michael bygd opp att huset som tidlegare var gardshus og brukar det som hytte. Fleire av dei andre bygga står her, det same gjer murar og omgivnad. Dei amerikanske gjestene brukte god tid her, og det var nok eit av høgdepunkta i besøket deira på Bokn.

Etter dette gjekk turen via Sunnalandsstraumen kor dei fekk sjå huset kor butikken låg. Denne butikken var det Erik Loden som starta opp med, og dreiv han ei tid før broren Sigvald overtok. Så bar det over Grønnestad for å visa kor Erik si søster Gunnhild hadde budd, og til Alvestadkroken kor søstera Marta budde. Etter dette kjørte me opp til kyrkja der dei ville sjå kor gravene til slektningane var, og inn i kyrkja. Dette sette dei også svært stor pris på.

## Omsetning av eigedomar i Bokn

**Øvrebøvågen 4 (Gnr 3, bnr 42)** er solgt for kr 4.950.000 fra Gejo as til Refat Salama og Hoda Helmy Salama

**(07.05.2013)**

Salget omfatter også **Gnr 3, Bnr 32**

**Gnr 20, bnr 27** er solgt for kr 50.000 fra Mathias Grønnestad til Nina Elisabeth Søndeland

**(21.05.2013)**

**Gnr 7, bnr 33, seksjon 1** er solgt for kr 2.640.000 fra Mona Våga til Bjarne Nedrebø

**(10.06.2013)**

**Gnr 23, bnr 23** er solgt for kr 175.000 fra Eline Theodora Trosnavåg Vatnaland til Annbjørn Sunde

**(12.06.2013)**

**Øvrebøvågen 8 (Gnr 3, bnr 9)** er solgt for kr 2.000.000 fra Johannes Handeland til Jan Otto Aanonsen

**(08.05.2013)**

Salget omfatter også **Gnr 3, bnr 43**

**Boknatunvegen 6 (Gnr 9, bnr 41)** er overdradd fra Agnar Sæbø til Gunnhild Sæbø

**(21.05.2013)**

**Gnr 7, bnr 33, seksjon 2** er solgt for kr 2.640.000 fra Mona Våga til Roar Kro Medhaug

**(10.06.2013)**

**Krovegen 215 (Gnr 2, bnr 15)** er solgt for kr 1.700.000 fra Kari Elise Våge til Bente Vaage

**(14.06.2013)**

**Gnr 5, bnr 31** er overdradd fra Erna Aksdal til Frode Aksdal

**(13.05.2013)**

**Andel av Havnavegen 51 (Gnr 11, bnr 186)** er overdradd for kr 973.911 fra Kamila Maria Krazynska til Dominik Jakub Slodkowski

**(30.05.2013)**

**Kyrkjebakken 8 (Gnr 10, bnr 17)** er overdradd fra Bokn kommune til Bokn Sokn

**(11.06.2013)**

Overdragelsen omfatter også **Gnr 10, bnr 21**

Overdragelsen omfatter også **Gnr 10, bnr 36**

Overdragelsen omfatter også **Gnr 10, bnr 58**

**Gnr 20, bnr 27** er overdradd fra Kenneth Grønnestad til Mathias Grønnestad og Gerda Mathilde Grønnestad

**(21.05.2013)**

**Gnr 20, bnr 35** er solgt for kr 880.000 fra Nina Elisabeth Søndeland til Kjell Magne Thorshaug

**(07.06.2013)**

**Andel av Gnr 15, bnr 22** er overdradd for kr 1.865.000 fra Jan Ove Dagestad til Isabelle Trijntje Adrie Ophof Dagestad

**(12.06.2013)**

**Andel av Gnr 20, bnr 27** er overdradd fra Gerda Mathilde Grønnestad til Mathias Grønnestad

**(21.05.2013)**

**Gnr 20, bnr 34** er solgt for kr 850.000 fra Nina Elisabeth Søndeland til Sonny Tjora Eie og Thor Inge Eie

**(07.06.2013)**

**Andel av Gnr 15, bnr 10** er overdradd for kr 35.000 fra Jan Ove Dagestad til Isabelle Trijntje Adrie Ophof Dagestad

**(12.06.2013)**

**Kjelde: Statens kartverk**

Kartverket

Så gjekk turen til allrommet på Boknatun kor alle fekk servert mat og drikke. Her var det ein del andre frå slekta som møtte opp – og det var tid for ein drøs.

Etterpå kjørte me opp til bygdamuseet kor dei fekk sjå på den rikhaldige samlinga som fins der. Det var overraskande kor interesserte dei var i dei gamle reiskapa og tinga som fins der. Dagen på Bokn blei avslutta med ein fin tur opp til toppen av Boknafjellet kor amerikanarane fekk sjå heile Bokn og distriktet omkring. Me var heldige med veret, sjølv om ein liten dis hadde lagt seg heilt ute i synsranda.

Erik og Dina Loden utvandra til USA i 1927. Dei hadde 11 barn.
Av dei som besøkte Bokn og Tysvær den 21. og 22. juli, var fleire av dei barn av tre av Erik og Dina sine døtre Sigrid, Ruth og Emma.



**Nederst frå v.: Paula Wiitmer, B.T. Fritcher, Ruth Fritcher, Pat Sechar, Sandra Wallace.**
**Midten frå v.: Jo Ann Fritcher, Marilyn Hersley, Dee Wyatt, Janet Dahlke**
**Øverste rekke: David Fritcher, Ted Hersley, Lee Ann Gruhlke, Gerald Wallace, Mike Gruhlke, Terry Wittmer, Ben Wyatt.**

# Bokn Bygdablad for 20 år sidan

## FRÅ NR. 5 1993

Alt frå 1994 vil Bokn kommune få ca. ein million kroner i inntekter frå Kårstø-industrien. Dette er nå nedfelt i ein avtale mellom Tysvær og Bokn kommune. Inntektene skriv seg frå industrien som er basert på Sleipner-kondensatet.

Dersom det det såkalla MTBE-anlegget blir realisert, vil avtalen medføra at Bokn vil få ytterlegare 1,3 mill kr. i eigedomsskatt frå 1996.

Bakgrunnen for at avtalen mellom kommunane kom i stand, er plasseringsstriden mellom dei to kommunane i samband med eit eventuelt gasskraftverk i Kårstø-området.

Avtalen er nyleg vedtatt av kommunestyra i begge kommunane.

Avtalen mellom kommunane skal visstnok vera nokså einestående. Ein kjenner ikkje til at andre kommunar her i landet har gjort liknande avtalar.






# Sjenerøs klasse

**Jardar Havikbotn**

**Årets avgangsklasse ved Bokn skule gir overskotet frå klasseturen sin til eit godt formål, og oppfordrar kommande tiandeklassar til å gjera det same.**

Sluttrekneskapet etter Frankrike-turen dei hadde i september i fjor viste kr. 6.480 i overskot, og desse pengane gir klassen til "Leger Uten Grenser". Den medisinske humanitære organisasjonen, som hadde TV-aksjonen i 2006, besøkte ungdomsskulen i fjor haust og hadde då eit opplegg rundt arbeidet sitt.

**I toppsjiktet**

20. juni hadde klassen eksamensfest og fekk m.a. vitnemåla sine. Årets karaktersnitt, både på eksamen og i standpunkt, ligg i toppsjiktet blant kommunane i Noreg.
Rektor Jarle Nilsen fortalde på festen at snittet til ein av dei åtte elevane var blant skulens topp-10 gjennom tidene. Gratulerer!

**Vidaregåande skule**

Alle i klassen kom inn på førstevalet sitt, som fordeler seg på Skeisvang vgs., Karmsund vgs. og Haugaland vgs. - alle i Haugesund.

La oss håpa alle er like nøgde etter endt vidaregåande skule som dei er på klassebildet frå 3. juni. I parentes bak namna står det kva skule dei enkelte skal gå på. Lukke til!



**Bak fv.**
**Ellen G. Johannessen (Skeisvang)**
**Julie Bokneberg (Skeisvang)**
**Joar K. Øvrebø (Karmsund)**
**Christopher S. Vik (Karmsund)**
**Henry Faltin Våge (Skeisvang)**

**Framme fv.**
**Sofie Rossebø (Haugaland)**
**Simen Havikbotn (Skeisvang)**
**Torgils Hognaland (Karmsund)**

# Populær gåve 1

Jardar Havikbotn

**3. juni fekk sjukestova bord og stolar m/tilbehøyr av Bokn hagelag.**

Når ikkje pengane strekk til på det kommunale budsjettet slår Bokn Hagelag til. Silje Aksdal og Malin Taraldlien frå laget fortel til Bokn Bygdablad at dei tidlegare i månaden kjøpte inn bord med seks stolar, puter, duk, blomar, fuglebad og lys. Så nå kan bebuarar og tilsette kosa seg på platting-en på gode, varme sommardagar.

Bokn sjukestove er svært begeistra for den flotte gåva, og vil retta ein stor takk til Bokn hagelag.



**PRØVESITTING: Fv. Silje Eide, Leonora Alvestad, Tobie Våge, Silje Aksdal og Malin Taraldlien.**

# Populær gåve 2

Jardar Havikbotn

**Bokn skule si avslutning 21. juni blei ei kjekk oppleving. Det sørga Senterungdommen for.**

Tradisjonen tru avsluttar Bokn skule skuleåret med eit stort dessertbord som dei tilsette ved skulen lagar for elevane. Ekstra stas blei det under årets avslutning. Senterungdommen på Bokn stilte opp med eit piano, som dei gav til skulen.

Leiar av Senterungdommen, Roar Kro Medhaug, seier at dette er eit initiativ dei tok for å visa at dei bryr seg om skulen.
– Me treivst så godt på Bokn skule at me ynskjer å gje noko tilbake. Pianoet vil bli brukt på dagtid av skulen, men kan også brukast til kulturelle formål på kveldstid.

Elevrådsmedlem Tobias Øvrebø tok i mot gåva på vegner av elevane. Rektor Jarle Nilsen seier at han set stor pris på initiativet.
– Det at ungdommen på Bokn har likt seg så godt på skulen og at dei ønskjer å gje ei gåve, er me svært glade for. Nilsen understrekar at det er viktig at ungdommen engasjerer seg enten det er kulturelt, idrettsleg eller politisk.




**STOR GÅVE: F.v. Roar Medhaug, Eivind Eikje, Amalia Våga, Sandra Jøsang, Remi Jøsang (frå Senterungdommen) og Tobias Øvrebø (elevrådsmedlem).**

## Fra barnemunn:

Utseende har ingenting å si. Se på meg – jeg er veldig kjekk, men har allikevel ingen å gifte meg med.

En hestekraft er den energien som trengs for å trekke en hest fem hundre meter på ett sekund.

- Gud elsker alle barna på jorden og alle mennene. Også elsker han alle damene også, sjølv om han ikke er gift med dem.

Gud skrev et gammelt testamente før han døde.

Gud trenger ikke tro på noen han. Han kan bare tro på seg selv.

Blåbær er innmari godt, fordi det er syltetøy inni dem.

En fjert er en liten fugl med grå vinger.

Kilde: Internett

post@bygdabladet.no

# Gratulerer!

MMS: 98 22 15 08



**Hanne Marte Vatnaland - 24. år, 4. juni.**

Sende ein solhilsen oppil fjellene i Spania til Hanne Marte Vatnaland som er på yogaferie og fyller 24 år i dag.

**Gode klemmar få alle oss hima som er glade i deg ;))**



**Lene Vatnaland - 11 år, 29 mai.**

Me vil gratulera den litla/stora jentå våres så masse med 11 års dagen!

**Klem fra mamma og pappa.**



**Adrian Hesthammer - 12 år, 8. juni.**

Vil gratulere Adrian Hesthammar som var 12 år 8. juni. Me er kjempeglad i deg!

**Klem fra mormor og besten.**



**Peder E. Våge - 80 år, 13. juni.**

Vi ønsker å få gratulere vår snille far, Peder E. Våge, med 80 års dagen den 13. juni.

Håper du får en flott dag & vi gleder oss til feiring.

**Hilsen fra hele familen med store & små.**



**Lucas Alvestad Espeland - 1 år, 13. juni.**

Vil gratulere sjarmøren våres, Lucas Alvestad Espeland, med 1års dagen i dag 13.06. Me e kjempeglad i deg.
**Klem fra mamma, pappa, Emilie, Kenneth og Thea :)**



**Malin Taraldlien - 40 år, 16. juni.**

Gratulere med di 40!

**Hilsen dine to arbeidskollegaer Silje ogTorunn.**



**Celine Steinsland - 3 år, 20. juni.**

Vil gratulera den goa tantejentå mi med 3 års dagen 20. juni!

Tante masse glad i deg lille venn!

**Stor klem fra tante Irene.**



**Tobie Våge - 90 år, 24. juli.**

Me vil gratulera vår kjære mamma, svigermor, farmor, mormor, og oldemor, Tobie Våge som vert 90 år den 24. juli, masse med dagen.
**Mange store og gode klemmar frå slekt i sør- og nord-Rogaland og på Sørlandet!!!**



**Venke Grønnestad Våge - 50 år, 27. juni.**
Me vil få gratulera vår kjære datter og søster med 50 års dagen!
Smilende, sprudlende og god er bare noen ord som beskriver deg.

**Klem fra mamma og søstre m/fam.**



**Sylvia Vatnaland - 15 år, 4. juli.**
Gratulerer Sylvia med 15 årsdag 4.juli! Kjempeglad i deg!

**Klem fra Linnea Elisabeth, mamma og Malcolm.**



**Albert Lindanger - 7 år, 28. juli.**

Hipp hurra for Albert som fyller 7 år den 28. juli!

**Mange gode klemmar frå mamma, pappa, Hermine og Svante.**



## BIBLIOTEKET

| | |
|---|---|
| Måndag | 16.00 - 19.00 |
| Tysdag | 09.30 - 13.30 |
| Onsdag | 16.00 - 19.00 |
| Torsdag | 09.30 - 13.30 |





*Vis respekt for opningstidene!*

# Rogfast-planar må omarbeidast

Jardar Havikbotn

**Statens vegvesen skjerpar kravet til stigning i Rogfast. Tunnelen blir vel 1 km lengre og prisen blir ca. 400 mill. høgare.**

I samarbeid med Bokn kommune kjem Statens vegvesen til å starta ein ny reguleringsprosess for E39 Rogfast i Bokn kommune.

– Statens vegvesen har bestemt at Rogfast skal byggast med maks 5 prosent stigning opp til Arsvågen i staden for 7 prosent som tidlegare planlagt. Det betyr at planane for Rogfast må omarbeidast i Bokn kommune, opplyser regionvegsjef Helge Eidsnes til Bokn Bygdablad.

**Opning i 2023**

– Men me kjem til å jobba for å nå målet om opning av Rogfast i 2023, poengterer Eidsnes. Maks 5 prosent stigning betyr at tunnelen blir vel 1 kilometer lengre. Prisen blir omlag 400 millionar kroner høgare med denne løysinga. Tunnelarmen til Kvitsøy blir uendra med 7 prosent stigning.



**– I forhold til brann- og tunnelsikring er det positivt at ein planlegg ei slakare stigning opp mot Bokn, seier ordførar Kyrre Lindanger.**

**Tryggare**

– Ei redusert stigning fører til 20 prosent færre brannar eller tilløp til brannar i tunge køyretøy i tunnelen. Den samla ulykkes- og dødsrisikoen er berekna å bli redusert med rundt 5 prosent, seier regionvegsjef Helge Eidsnes.

- Med tanke på framdrifta av prosjektet hadde det vore ynskjeleg med ei avklaring på eit tidlegare tidspunkt, men eg tar avgjerda til etterretning og legg framleis til grunn opning av Rogfast i 2023, seier ordførar Kyrre Lindanger i ein kommentar, og legg til at Rogfast skal gå frå Harestad i Randaberg kommune til Arsvågen i Bokn kommune. Tunnelen blir bygd med to løp og til saman fire felt. I tillegg blir det bygd ein tunnel med eit løp på omlag fire kilometer opp til Kvitsøy.

# KULTURKALENDEREN

**August**

**14.** **Skulestart for elevane ved Bokn skule**
**16.** **Kino i Auditoriet**
**18.** **Gudsteneste kl. 11.00**
**19.** **Oppstart, Bokn Musikkorps**
**25.** **Friluftsdag**
**29.** **Bokn Pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30**
**30.** **Kino i Auditoriet**

**September**

**01.** **Gudsteneste kl. 11.00. Konf.pres./50 års konf.**
**01.** **Bingo på skulen kl. 19.00, arr. Bokn Musikkorps**
**07.** **BoknOpp**
**08.** **NMS-fest. Bokn Bedehus kl. 19.00**
**09.** **Bibellesing. Bokn Bedehus kl. 19.00**
**13.** **Kino i Auditoriet**
**15.** **Gudsteneste kl. 11.00**
**20.** **Bedehusbasar. Bokn Bedehus kl. 19.00**
**21.** **Kampen om Vikingskipet**
**23.** **Bibellesing. Bokn Bedehus kl. 19.00**
**26.** **Bokn Pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30**
**27.** **Kino i Auditoriet**
**29.** **Gudsteneste kl. 11.00. Hausttakkefest**

**Oktober**

**02.** **Basar DISM. Bokn Bedehus kl. 19.00**
**06.** **Bingo på skulen kl. 16.00, arr. Bokn Musikkorps**
**07.** **Bibellesing. Bokn Bedehus kl. 19.00**
**09.** **Kontaktmøte. Bokn Bedehus kl. 19.00**
**11.** **Kino i Auditoriet**
**13.** **Gudsteneste kl. 11.00.**
**20.** **TV-aksjonen 2013**
**21.** **Bibellesing. Bokn Bedehus kl. 19.00**
**25.** **Kino i Auditoriet**
**26.** **Auksjon på skulen, arr. Bokn Musikkorps**
**27.** **ABR-senteret. Bokn Bedehus kl. 19.00**
**31.** **Bokn Pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30**

**November**

**03.** **Gudsteneste kl. 11.00. Allehelgensdag**
**04.** **Bibellesing. Bokn Bedehus kl. 19.00**
**08.** **Kino i Auditoriet**
**08.** **Kulturkveld. Bokn Bedehus kl. 19.00**
**10.** **Bingo på skulen kl. 19.00, arr. Bokn Musikkorps**
**16.** **Julemesse NMS Tysvær**
**18.** **Bibellesing. Bokn Bedehus kl. 19.00**
**21.** **NMS. Bokn Bedehus kl. 19.00**
**22.** **Kino i Auditoriet**
**24.** **Gudsteneste kl. 15.00. Bibel til fireåringar**
**28.** **Bokn Pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30**

**Desember**

**01.** **Gudsteneste kl. 18.00. Lysmessse**
**02.** **Bibellesing. Bokn Bedehus kl. 19.00**
**06.** **Kino i Auditoriet**
**08.** **Luciafest på skulen, arr. Bokn Musikkorps**
**15.** **Gudsteneste kl. 11.00**
**24.** **Gudsteneste kl. 14.00**
**26.** **Gudsteneste kl. 11.00**
**29.** **Juletrefest. Bokn Bedehus kl. 19.00**
**31.** **Gudsteneste kl. 16.00**

# Ny sterk prestasjon

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Einar Søndeland

**Janne Elin Vatnaland vann Haugesund halvmaraton 1. juni.**

Boknaren sa til Haugesunds Avis etter løpet at ho likte løypetraséen, som var lagt om etter at friidretten tok farvel med Haugesund stadion. Løypa hadde enkelte utfordrande parti, og det blei ein del motvind.

**Høgt nivå**

Trenar Einar Søndeland seier til Bokn Bygdablad at fleire løparar rapporterte om desse utfordrande partia, og med tanke på all motvinden fortel vinnartida hennar på 1.26.44 om eit løp truleg på endå høgare nivå enn då ho sette ny pers i Warszawa 24. mars i år, med tida 1.25.15. Søndeland kunne nemleg notera seg at løparane fekk gjennomgåande tider 2-3 min. svakare enn det dei normalt presterer.



**Dette bildet er tatt etter ca. 1 km. Då lå tidlegare klubbvenninne i GTI, Elise Hay Opsahl (i blått) på 2. plass. Ho fekk 3. plass til slutt. Frå ca. 7 km var Janne Elin heilt åleine i tet.**

# Bokn markerte seg i lokalt trialstemne

Kyrre Lindanger

**Godt og vel 120 utøvarar stilte på startstreken då Karmøy Trial Klubb gjennomførte Noregscup og Rogalandsrunde i trial den 8. og 9. juni. Med karmøylyngen bada i juni-sol blei det ei flott ramme rundt arrangementet, som fann stad på motorsportanlegget på Helganes – fem steinkast frå flyplassen.**

Påmeldingslistene inneheldt mange namn frå Pluggen Motorklubb, og i alt var det 10 deltakarar frå Bokn med på stemnet. Av desse var det med fire sjuåringar – klubbens yngste medlemmer. Desse gjennomførte oppvisningsløp i samband med Rogalandscupen på sundagen. Boknarane viste godt igjen i løypene og markerte seg med gode resultat.

**Dei yngste viste seg fram**

For dei fire 1. klassingane blei dagen ein svært nyttig og lærerik treningsøkt. Dei kjørte fem seksjonar med varierande karakter og med til dels krevjande parti. Men sjuåringane tok alvoret inn over seg og gjennomførte rundane på ein imponerande måte. Konsentrasjonsevna blei satt på ein hard prøve med brølande trialsyklar på alle kantar, ukjent terreng og mange tilskodarar tilstades, men småtassane imponerte og det blei ein god erfaring for dei å ta med seg vidare.

**Gode resultat**

Sander Jøsang og syskenbarnet Bjørn Ove Jøsang har hatt ein svært god sesong. Dei er jamngode, og byttar på å klatre til topps på resultatlistene.



**Stemnets yngste deltakarar fekk pokal for innsatsen. F.v. Stian Øvrebø, Albert Lindanger, Henrik Våge Ognøy og Trym Karoliussen.**

Fyrstnemnde tok ein imponerande 1. plass i klasse B både i Noregscupen og i Rogalandsrunden, mens Bjørn Ove slo til med ein sterk 7. plass i Noregscupen og ein 5. plass i Rogalandsrunden.

Sverre Trosnavåg, som også har hatt gode resultat gjennom heile sesongen, fekk ein solid 2. plass i klasse C i Noregscupen. Sverre klassa seg opp til B over natta, og presterte ein sterk 9. plass i samband med Rogalandscupen på sundagen.

Erik Nilssen, som berre har kjørt aktivt i to år, enda på ein solid 9. plass i klasse C i Rogalandsrunden, mens Kristian Kristensen, som kjem frå Tysvær og som kjører for Pluggen MK, gjorde det svært bra med ein 3. plass i klasse D. Elles deltok Einar Slogvik i Trim A i Rogalandscupen. Etter sommaren skal Pluggen MK delta i EM i Oslo og lag-NM i Bergen.

Serie

# Eg seie meg så

Birger Lindanger

I sommarvarmen er det lett å bli bedadige. Og fristen var særs kort. Men jammen er det nokre som heng med også denne gongen.

Og nå er det også på tide at heider og ære kan delast ut til trugne fylgjesveinar i *Eg seie meg så.*

Denne gongen viste det seg at dei gamle var eldst – Dagsenteret slo hardt og kontant til.

**Forklaringane:**

| | | |
|---|---|---|
| 1. | ein lagalyr | ein latsabb |
| 2. | sudalause | bekymringslause |
| 3. | å vera idel | å vera sinte/å vera arbeidsam |
| 4. | eit kveigsle | opptenningsved |
| 5. | trebonius | gøymeleik |
| 6. | springband | strømpeband |
| 7. | nana | Ha det! |
| 8. | å mesja | å masa |
| 9. | å vera bedadige | tek det med ro, avslappa |
| 10. | ein knog | ein vanskeleg person |

**MÅNADENS UTTRYKK**

**Kva betyr...**

1. å slya
2. å stupta sterta
3. å fly
4. elten
5. bedoftige
6. å smolka
7. såvert
8. å kreglas
9. ei stryda
10. ei tya

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad **innan 22. August.**
Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

**Resultat:**

| | |
|---|---|
| Dagsenterdamene | 10 poeng |
| Andor Borgenvik | 8 poeng |

Denne gongen takkar me Hans Alvestad som leverandør av gode uttrykk.

# Stortings- og sametingsvalet 2013

## Du kan røyste frå 01.07.2013

Dersom du ikkje har moglegheit til å røyste innanfor den ordinære perioda for førehandsrøystegjeving, og heller ikkje på valdagen, kan du frå 1. juli t.o.m. 9. august kontakta kommunen og avtale tid for å røyste. Du treng ikkje valkort, men **hugs å ta med legitimasjon.**

Den 12. august startar den ordinære førehandsrøystinga. I Bokn kommune kan du førehandsrøyste ved Servicetorget frå og med måndag 12. august til og med fredag 6. september frå kl. 09.00 til kl. 15.00. Du kan og førehandsrøyste ved Bokn folkebibliotek i same tidsrom måndager kl. 16.00 – 19.00 og onsdager kl. 16.00 – 19.00.

Sjuke og uføre kan sende søknad om å få røyste heime. Søknad må sendast Valstyret i Bokn kommune, Boknatunvegen 13, 5561 BOKN innan 3. september 2013.

Du kan førehandsrøyste i kva kommune som helst i landet. På valdagen må du røyste i den kommunen du var registrert busett i pr. 01.07.2013. Du kan bare røyste ein gong.

**Hugs å ta med legitimasjon.**

**For meir informasjon om valet, sjå www.valg.no eller ta kontakt med Servicetorget på tlf. 52 75 25 00.**

## Stemmerett og Manntal

Desse har stemmerett ved **stortingsvalet**:

**Norske statsborgerar** som

- vil ha fylt 18 år innan utgangen av valåret og som
- er, eller noen gong har vært, folkeregisterført som busett i Norge, og som
- ikkje har mista stemmeretta etter Grunnloven § 53.

Tilsette i diplomatiet eller konsulatvesenet og deira husstand har stemmerett sjølv om dei ikkje oppfyller busettingskriteriet. Dersom dei ikkje nokon gong har vært registrert som busett i Norge, skal dei manntalsførast i Oslo kommune.

For å kunne stemme ved stortingsvalget, må du stå innført i manntalet i ein kommune.

## Er du innført i manntalet?

**Velgerar busett i Norge:**
Alle personar med stemmerett vil automatisk bli innført i manntalet i den kommunen dei var registrert busett pr. 1. juli i 2013.

Har du flytta til ein annan kommune etter 1. juli 2013, er du registrert i manntalet i den kommunen du flytta frå.

Manntalet er lagt ut til offentleg ettersyn i Servicetorget på Boknatun frå og med 12. juli 2013. Krav om retting av feil i manntalet kan rettast til Valstyret i Bokn kommune, Boknatunvegen 13, 5561 Bokn.

**For meir informasjon om valet, sjå www.valg.no eller ta kontakt med Servicetorget på tlf. 52 75 25 00.**

**Valstyret i Bokn kommune**
**v/leiar Kyrre Lindanger**

# Militærøving på Haugalandet

Kyrre Lindanger

**Ikkje sidan 2006 har Forsvaret og politiet gjennomført ei så stor øving som det haugalendingane var vitne til i byrjinga av juni.**

Om lag 1400 befal og soldatar frå Agder og Rogaland heimevernsdistrikt 08 inntok strategisk viktig samfunnsinfrastruktur, spesielt i områda Kårstø og Kalstø. «Øvelse Haugalandet» blei gjennomført med tanke på å øve inn planverket knytt til Kårstø og spesielt på samhandling mellom Forsvaret og politiet, men også i forhold til objekteigarar som til dømes Statoil og Gassco.

**Bokn "invadert"**
Også Bokn blei «invadert» av grønnkledde menneske dei fem solrike dagane i veke 23 øvinga stod på. Også på pumpestasjonen i tilknytting til Europipe II-leidninga på Trosnavåg blei det trent på sikring ved terroranslag. Elles var militærkolonner godt synleg på mange av lokalvegane i Bokn og vaktpostar var etablert fleire stader.

**Eigne markørstyrkar**
Eit av øvingsmomenta var pågriping. Eigne markørstyrkar sytte for at dei øvande avdelingane fekk noko å bryne seg på. Både områdestruktur, innsatsstyrke og politiet tok del i oppdraget. Heimevernssoldater frå innsatsstyrke Osprey-Varg og soldatar frå Kårstø HV-område stod langs vegane for å sikre politiet mens dei gjennomførte pågriping i kjøretøy, under massiv lokal pressedekning. Spesielt blei det trent på overtaking av objekt frå politiet og bistand til politiet sine operasjonar. Øvinga blei avslutta fredag 7. juni. Den endelege evalueringa av «Øvelse Haugalandet» kjem etter sommaren.



**Tv- og radiomasta på Boknafjellet var eit av fleire viktige objekt som blei kringsett av væpna soldatar.**

**Foto: Hermine Lindanger**




**Militærkolonner var godt synlege på mange av lokalvegane i Bokn i veke 23.**

**Foto: Kyrre Lindanger**

# Hilsen til Bokn

Min søster og jeg har veldig mye slekt på Bokn og når vi nå er oppe i årene tenkte vi at nå må vi besøke de «gamle» som enda lever. Det kan plutselig være for sent. Som sagt så gjort.

Onsdag 12. juni la vi turen over Boknafjorden. Hadde fått lånt en hytte å være i. Ut fra denne startet vi på besøksrunden. Da jeg er mer enn

interessert i slektsgransking, ble det etter hvert besøk notert ganske flittig. Og ja, det ble etter hvert ganske mange kaffekopper og kaker.

Ble veldig imponert over hvor ryddig alt var på Bokn. Hadde tenkt oss en tur opp på Boknafjellet, men da vi skulle dit låg skodda langt nedover fjellsida. Men har jo heldigvis panoramabildene på PC'en.

Besøkene ble mange pr dag og vi måtte besøke slekt på begge våres foreldre's side. Vi merket ganske snart at vi var blitt gamle, da vi traff på barne- og oldebarn av de som vi var jevngamle med.

Vi rakk ikke over alle som vi ville besøkt, men får gjøre det samme en gang til. En stor takk til slekten som tok imot besøk på sparket og til Bokn, som viste seg fra en FLOTT side.



**Med vennlig hilsen**
**Oddbjørg Bokneberg Øye**

altibox

# Du kan få fiber på Bokn



Bestill på www.haugnett.no

HAUGALAND KRAFT



**Hytter/Leiligheter med båt og kaiplass**
**Uke, måned eller åremål**
**Ta kontakt med**
**Atle Jøsang - tlf. 900 72 369**
**Mail: atle.josang@griegseafood.com**

# KFL bil og utleige

| | | |
|---|---|---|
| Utleige av stillas frå | | 500 kr. pr.v. |
| Utvendig lakkrens av bil | frå | 2.500 kr. |
| Innvendig reingjering | frå | 500 kr. |
| Skinnpleie | frå | 500 kr. |
| Desinfisering av klimaanl. | | 500 kr. |

**Utleige av minigravar 2500 kg**

| | |
|---|---|
| Pris døgn | 1.000 kr. + mva |
| Pris veke | 5.000 kr. + mva |
| Pris pusseskuffe | 150 kr. + mva |
| 3.500 hengar, døgn | 400 kr. + mva |

**Kjell Frode 907 83 797**
**John Magne 909 24 964**
**Epost: kjellfrode75@hotmail.com**

## Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - **www.thk.no/**

**Annette Bokneberg (91 32 82 58) og**
**Elisabet Taraldlien (46 95 95 13)**

# NEDREBØ
## MASKIN & TRANSPORT

- **Salg og leveranse av singel og veigrus**
- **Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel**
- **Opplasting og bortkjøring av løsmasser**

**Telefon: 94 98 63 64**

**Bokn & Tysvær begravelsesbyrå**

John Magne Lie
909 24 964
Kjell Frode Lie
907 83 797

# Bokn Bygdablad

**www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no**

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 404,- pr. år, 578,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

**Redaktør:** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

**Medarbeidarar:** Annette Bokneberg/Gro Sørensen

**Bygdabladnemnd**
Elisabet Taraldlien
Kjetil Hamre
Hanne Marte Vatnaland

**Gjeldande annonseprisar**

| | |
|---|---|
| Heilside | kr. 2.000,- |
| Halvside | kr. 1.000,- |
| Kvartside | kr. 500,- |
| 1/8 side | kr. 250,- |
| Privatann. | kr. 100,- |
| Nettannonse | kr. 100,- |
| Fastannonse | etter avtale |

**Foto, omslag:**
Stephan Haram

# KROVÅGEN HESTESENTER

Austre Bokn – tlf. 91120801/95114786 - kachris@online.no

**Ridekurs, rideleire, hest på fòr og**
**Inn på tunet-tilbud på Austre Bokn.**

**For mer informasjon, se www-kro-hest.no**
**Telefon 91120801**
**Epost: kachris@online.no**

*Du er velkommen med gratis takkeannonse I bladet.*

# Kulturmidlar 2013

**Personar, organisasjonar, foreningar, lag og institusjonar som driv eller vil starta kulturverksemd i Bokn kommune kan etter søknad få stønad frå kommunen.**

**Samtlege som mottok støtte i fjor har fått tilsendt søknadsskjema. Søknadsskjema kan også lastast ned på bokn.no.**

Nye søkjarar kan få søknadsskjema i Servicetorget på Boknatun.

Dei som søkjer for første gong kan få oppstartingsstønad. Storleiken på denne stønaden er avgrensa oppover til kr. 2.000,-

Søkjarar må leggja ved avskrift av rekneskap for 2012 og budsjett for 2013 i tillegg til å fylla ut søknadsskjemaet på ein tilfredsstillande måte.
Kulturmidlane det blir søkt om bør vera bakte inn i budsjettet for 2013, og det skal gå fram av søknaden korleis søkjaren tenkjer å bruka pengane.
Desse krava må oppfyllast for å få stønad.

**§ 7 - støtte til eit spesielt tiltak**
Kr. 10.000,- går til eit spesielt tiltak. Midlane går til den søkjaren som Formannskapet meiner har den beste søknaden. Dette gjeld ikkje vanleg drift, men større arrangement som kulturkveldar, konsertar og utstillingar, osv., eller større investeringar.
**Søknader som ikkje fyller krava som er gitt, eller kjem inn etter søknadsfristen, får ikkje stønad.**
**Årets pott er på kr. 150.000 og kulturmidlane for 2013 blir fordelte av formannskapet.**

## Søknadsfrist 6. september

# Kulturprisen 2013

**Bokn kulturkontor ynskjer forslag på kandidatar til kulturprisen 2013.**

Prisen, som blir delt ut på eit kulturarrangement til hausten, skal vera ei påskjøning til ein person, lag eller andre som har utført eit særleg verdfullt arbeid på kulturområdet eller i nærmiljøet i Bokn kommune.

**Desse har fått prisen tidlegare:**

| | |
|---|---|
| Eivind Øvrebø | 1993 |
| Målfrid Kro Trosnavåg | 1995 |
| Olaug Hognaland | 1997 |
| Solveig og Leiv Våga | 1999 |
| Matias Are | 2001 |
| Inger Sønnøve Bokneberg | 2003 |
| Songtrioen (Venevil Birkelund, Oddrun Nilssen, May J. Vatnaland) | 2005 |
| Odd Grønnestad | 2009 |
| Ragnhild & Artur Trosnavåg | 2011 |

**Stikkord for desse personane har vore:**
Bygdemuséet, kulturvern, restaurering, innsamling, kulturformidling, lokalkunnskap, entusiasme, inspirasjonsfigur, tradisjon, diktar- og forteljarevne, dikt- og prologskriving, barne- og ungdomsarbeid, uformell, respekt, eldsjeler, musikk, omsorg, jordnær, helseførebygging, støttearbeid, spre glede, mangfold, kvalitet, ja-menneske, utrøtteleg, positiv og inkluderande.

**Nå har du sjansen til å påverka kven Bokn kommune bør gi kulturprisen i år.**

**Skriv eit brev eller send ein mail til kulturkontoret (jardar.havikbotn@bokn.kommune.no) og fortel om kvifor akkurat den personen eller dei personane/ laget bør få kulturprisen.**

## Frist: 16. september



**Ragnhild og Artur Trosnavåg (th.) fekk kulturprisen i 2011**

## Møteplanar, kommunale styre og utval

**Bokn kommunestyre**

| | | |
|---|---|---|
| 01.10 | kl. 19.00 | (Boknatun, 2. etasje) |
| 17.12 | kl. 19.00 | (Boknatun, 2. etasje) |

**Bokn formannskap**

| | | |
|---|---|---|
| 03.09 | kl. 17.00 | (Boknatun, 1. etasje) |
| 05. og 06.11 | | |
| Budsjettkonf. | kl. 17.00 | (Boknatun, 1. etasje) |
| 03.12 | kl. 17.00 | (Boknatun, 1. etasje) |

**Bokn forvaltningsstyre**

| | | |
|---|---|---|
| 21.08 | kl. 18.00 | (Boknatun, 1. etasje) |
| 16.10 | kl. 18.00 | (Boknatun, 1. etasje) |
| 11.12 | kl. 18.00 | (Boknatun, 1. etasje) |

**Bokn kontrollutval**

| | | |
|---|---|---|
| 05.09 | kl. 19.00 | (Boknatun, 2. etasje) |
| 07.11 | kl. 19.00 | (Boknatun, 2. etasje) |

**Bokn sokneråd**

| | | |
|---|---|---|
| 22.05 | kl. 19.00 | (Bokn bedehus) |
| 19.06 | kl. 19.00 | (Bokn bedehus) |

Politiske møte blir gjort kjende gjennom oppslag på Coop Marked Bokn og kommunen si heimeside ei veke før møtet går av stabelen.
Sakspapira blir utlagde til offentleg ettersyn samstundes i Servicetorget og Bokn bibliotek.
Det kan bli sett opp ekstramøte ved behov.



STORT FRAMSIDE-BILDE:

Malerisk junihimmel

Foto: Kjetil Hamre

## Forvaltningsstyremøte 17. april 2013

Sak 013/13

**Forslag til reguleringsplan for Føresvikvegen**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke samrøystes.

Sak 014/13

**REGULERINGSPLAN FOR BOLIGER- FYRVEGEN NORD**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**

Med hjemmel i Plan og bygningslovens § 12-10 legges forslag til reguleringsplan for «Fyrvegen nord», datert 05.04.2013 med tilhørende bestemmelser av 25.03.2013, ut til offentlig ettersyn.
Tillegg i til § 17 i Planbestemmelsene: Området skal være inngjerdet.

Sak 015/13

**Retningsliner for handsaming av førespurnader om fjerning av vegetasjon på kommunal eigedom**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**

1. Førespurnader om skjøtsel/felling av tre og anna vegetasjon på kommunal eigedom skal fremjast skriftleg til teknisk sektor, som tar avgjerd i saka i medhald av den mynde som er delegert til rådmannen.

2. Teknisk sektor gjer skriftleg vedtak i saka etter synfaring på staden, der omsynet til mellom anna fylgjande moment vert lagt til grunn:

   Risiko, treet sin alder og kondisjon.

   Omsynet til biologisk mangfald.

   Estetiske vurderinger av treet eller trea i landskap.

   Treart

   Klimatiske tilhøve, evt. auka vindeksponering dersom tre vert felt etc.

   Trea si samla betydning for grunneigaren/brukarane av området.

   Ulemper naboen hevdar å ha av manglande sol, lys, utsikt mv. i høve til

   trea si høgd/plassering/tettleik
   Anna aktuelt

3. Forvaltningsstyret vert klageinstans for vedtak som er gjort administrativt

## Formannskapsmøte 14. mai 2013

Sak 014/13

**Ny kommunal forskrift for vatn- og avlaupsgebyr**

**Formannskapet vedtok:**

Saka settes ut til behandling på eit seinare møte. Før saka tas opp på ny må det avviklast eit møte med næringsorganisasjonane i kommunen for å få innspel og merknader til nye forskrifter. Vedtaket var samrøysta.

Sak 015/13

**Val av valstyre til Stortingval 2013 og Kommune- og Fylkestingsval 2015.**

**Formannskapet vedtok:**

Det blei vedtatt at formannskapet utgjer valnemnda for stortingsval 2013 og Kommunestyre og Fylkestingsvalet 2015.

Sak 016/13

**Evaluering sysselsettingsprosjektet etter eit års drift**

**Formannskapet vedtok:**

1. Sysselsettingsprosjektet vidareførast i same form eitt år vidare.

2. Vedlagt budsjett for sysselsettingstiltaket for 2013 gjerast gjeldande. Det opprettast ei driftsgruppe beståande av NAV, vaktmestre og arbeidsleiar av sysselsettingstiltaket. Gruppa leiast av NAV leiar. Gruppa skal syta for at samarbeidet mellom dei involverte og framdrifta i tiltaket blir godt slik at ein lykkast med tiltaket ovanføre målgruppa.

3. Norsk undervisninga vert vidareført som eit tilbod i seksjon kultur, skule og barnehage

Sak 017/13

**Sommerjobb for ungdom 2013**

**Formannskapet vedtok:** å stetta rådmannen si fraråding om disponering av midlane til sysselsettingsprosjektet på fondet til sommarjobb for ungdom.



## Næringsliv


HÅRSMIÅ
52748647 / 46442920
-BOKN-

Om du vil ha time på salongen eller hjemme er det bare å ringe meg på tlf.

**52 74 86 47**
**46 44 29 20**

Hårsmia har åpent hver dag og ut over kvelden for de som vil komme etter arbeidstid.

Hilsen

Mona på Hårsmiå





## Div. tenester

**DAGSENTERET**

Ope kvar tysdag kl. 10.00 - 14.00
Treng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 93 09 39 98

**Mariann Skjelde - aktivitør**

**NAV BOKN**

**Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33**

**Unn A. Mustaparta - leiar**

**SERVICETORGET**

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30– 15.00

**Me kan t.d. hjelpa deg med:**

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler, eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

**Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11**

**E-post: post@bokn.kommune.no**

**BOKN TANNKLINIKK**

**Kontortid tysdagar kl. 08.30 - 15.10**
**Tlf. 52 75 25 80**

Timebestilling kan også gjerast via Tysvær tannklinikk, tlf. 52 75 45 20

**Tannlege Ingjerd Hope Myklebust**

**LANDBRUKSKONTORET**

Kontordag kvar torsdag på Boknatun kl. 08.00 - 12.00

Direktenummer: 52 75 25 11

Avtale etter kl 12 må gjerast særskilt.

**Bjørn Bruaset: 52 75 71 75**
**Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69**

**HELSEMASSASJE**

Måndagar på dagtid, Boknatun 2. etasje (ev. kveldstid etter avtale)

Timebestilling alle dagar utanom måndag.

**Ingunn Are - tlf. 90 24 90 57**

## Bokn legevakt: 52 74 85 22

**BOKN LEGEKONTOR**

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.
Opningstider 08 – 15.30.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

**Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).**

**Ved livstruande tilstand, ring 113.**

Timebestilling på internett eller SMS, sjå www.bokn.no for meir info.

**Jan Schille - lege**

**PSYKISK HELSETENESTE**

Kontortid mellom kl. 08.00 – 14.00 alle dagar, torsdag ope til kl 15.30.

Direktenr.: 52 75 25 36
Mobilnummer: 40 41 05 70

(me er lettast å få tak i på mobil)

EP: grethe.e.heimvik@bokn.kommune.no
miriam.berland@bokn.kommune.no

**HELSESØSTER**

Helsestasjonen er open måndagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 -15.30
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 93 85 14 09

**Henriette S. Lindanger - helsesøster**

**JORDMORTENESTA**

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet måndag i oddetallsveker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61
Timebestilling: Ta kontakt på helse-stasjonen!

**Bodil Ljones Auestad - jordmor**

**BOKN FYSIOTERAPI**

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje veke - tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

**Geir Austvik - fysioterapeut**

**BOKN FOTTERAPI**

Torsdag kl. 08.15 - 14.00

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

**Rita Bokneberg - fotterapeut**

A-Blad

Returadresse:
BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

